

JELSA OPPVEKSTSENTER AVD. SKULE

2022/2023



www.minskule.no/jelsa
tlf. 52790350 /4889603



Velkommen til Jelsa oppvekstsenter avd. barnehage og skule.

Eg ynskjer alle barn i barnehagen, elevar ved skulen, tilsette og foreldre velkommen til eit nytt og lærerikt år ved Jelsa oppvekstsenter. Spesielt velkommen til Solveig i 1.klasse, Elvira i barnehagen og Marharita i skulen.

Suldal kommune har det siste året hatt ekstra fokus på eit trygt og godt skule og barnehagemiljø.

Dette arbeidet vil eininga vår halda fram med og i større grad inkludera både barn, elevar og føresette i prosessen. Bare gjennom godt samarbeid og god kommunikasjon kan me lukkast i å nå dei måla me i fellesskap set oss. Dei tilsette i barnehagen kjem til å følgja ei kompetansepakke om dette emne via utdanningsdirektoratet.

Skulen skal fortsetja samarbeidet med dei andre fådelte skulane i Suldal om tema *Motivasjon og lærelyst*. Dette skjer i partnerskap med HVL.

Planlegging og gjennomføring av tverrfaglege tema er vårt fokusområde inn i dette arbeidet.

Minner om visjonen vår- *Me lærer, me trivst og me tek vare på kvarandre*.

Skuleåret kjem til å starta med nokre tilsette utfordringar. Dette håpar eg vil koma meir på plass etter kvart.



Miljøfyrtårn®

Jelsa oppvekstsenter vart miljøfyrtårnsertifisert august 2022. De vil få meir informasjon om kva dette inneber.

Nettsida www.minskule.no/jelsa Transponder er den digitale meldingsboka som blir nytta til meldingar mellom heim og skule www.transponder.no

Barnehagen si kommunikasjonsplattform er www.MyKid.no . Her vert månadsbrev/ plan med informasjon lagt ut.

Eg ynskjer alle eit godt barnehage og skuleår!

Helsing

Karin Søndena Ness

-leiar Jelsa oppvekstsenter karin.nessa@suldal.kommune.no

Formålsparagrafen:

"Grunnskulen skal i forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle deira evner, åndeleg og kroppsleg, og gje dei god allmennkunnskap så dei kan bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn.

Skolen skal fremje åndsfridom og toleranse og leggje vinn på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar og mellom skule og heim."

Målet/visjonen vår:

Jelsa oppvekstsenter -

Me lærer

Me trivst

Me tek vare på kvarandre



Satsingsområde:

- **Det sosiale miljøet gjennom**
 - felles fysiske aktivitetar, TL
 - bruk av plan mot mobbing og antisosial åtferd
 - sosiale mål kvar veke
 - Inkluderande barnehage og skulemiljø
- **Fagleg arbeid gjennom**
 - læreplan for kunnskapsløftet-20
 - elevsamtalar m/vekt på elevrefleksjon
 - motivasjon og lærelyst på fådelte skular
 - bruk av kartleggingsverktøyet SOL

Barnehageruta 2022/23

Månad	
August	Oppstart nytt barnehageår torsdag 18.august, opnar for barna 22.aug
Oktober	Skulen har haustferie (veke 41) 10.-14. okt
November	Planleggingsdag fredag 11.nov
Desember	Julaftan og nyttårsaftan stenger barnehagen kl. 12.00
Oppstart	Planleggingsdag 2. januar Opnar for barna tysdag 3. januar Planleggingsdag 23.januar
Februar/mars	Skulen har vinterferie (veke 9) 27.feb- 3.mars
April	Onsdag 05.april stenger barnehagen kl.12.00 (onsdag før skjærtorsdag) Oppstart etter påske tysdag 11.april
Mai	Barnehagen er stengt: måndag 01.mai, onsdag 17.mai, torsdag 18.mai (Kr.himmelfartsdag), 2.pinsedag 28.mai
Juni	Skulen har siste dag før ferie 23.juni
Juli	

Skulerute 2022/23

Månad		Elevdagar	
August	Skulestart elevar måndag 22.aug	8	
September	Elevfri måndag 19.sep(planleggingsdag)	21	
Oktober	Haustferie veke 41 (10.-14. okt.)	16	
November	Elevfri fredag 11.(planleggingsdag)	21	
Desember	Siste skuledag før jul torsdag 22.des	16	82
Januar	Første skuledag etter nyttår månd 2. jan. Elevfri måndag 23.jan(planleggingsdag)	21	
Februar	Vinterferie veke 9 (27.-28. februar)	18	
Mars	Vinterferie veke 9 (1.-3.mars)	19	
April	Påskeferie 03.-10.april Oppstart etter påskeferie tysdag 11.april	14	
Mai	Elevfri: månd.1.mai, ons 17.mai, tors 18.mai (kr.himmelfart) , månd 29.mai (2.pinsedag)	19	
Juni	Siste skuledag før sommarferie fre 23.juni	17	108
SUM			190

Organisering av skuledagen

Skuledagen vil sjå slik ut for 1.-4.kl	Skuledagen vil sjå slik ut for 5.-7.kl
1. time: 08.15-09.00	1. time: 08.15-09.00
2. time: 09.00-09.45 pause: 09.45-10.00	2. time: 09.00-09.45 pause: 09.45-10.00
3. time: 10.00-10.45 pause: 10.45-11.45	3. time: 10.00-10.45 pause: 10.45-11.20
4. time: 11.45-12.45 pause: 12.45-13.05	4. time: 11.20-12.05
5. time: 13.05-13.50	5. time: 12.05-12.50 pause: 12.50-13.05
	6. time: 13.05-13.50
Onsdag sluttar skulen kl. 12.30 og fredag kl. 13.35	

Kontakt med oppvekstsenteret

Jelsa oppvekstsenter: 52790350, kontor: 52790352, personalrom: 52790362,
barnehage: 52790355, bibliotek: 52790359

Leiar: Karin Søndena Ness 47266449 karin.nessa@suldal.kommune.no

Kontaktlærarar:

1.-4. klasse:

Kathrine Leverskjær Steindal 93209285 kathrine.leverskiaer@suldal.kommune.no

5.-7. klasse:

Tommy Hegland Espe 91996290. tommy.espe@suldal.kommune.no

Faglærarar og spes.ped:

Åslaug Thorsen Tveiterå 97536488 aslaug.tveitera@suldal.kommune.no

Assistent:

Gerd Jane Guggedal 98833236 GerdJane.Guggedal@suldal.kommune.no

Reinhaldar:

Mette Karin Moen Jonassen 40476081 mettekarinmoen@hotmail.com

Vaktmeister:

Geir Eikesås 91542691. geir.eikesaas@suldal.kommune.no

Bibliotekar:

Linn Frafjord Jelsa 52796826/45210277 linn.frafjord@suldal.kommune.no

Informasjon om små og store saker

Opplæringslova §1: Formålet med opplæringa...

"Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einkilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast."

Opplæringslova § 5-1. Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

Opplæringslova § 13-7. Skulefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Vedtekter for SFO finn de på kommunen si nettside.

Råd og utval ved Jelsa oppvekstsenter

Elevråd

Skulen har elevråd med representantar frå 4.-7. klasse. Dei konstituerer seg sjølve med leiar, nestleiar og sekretær. Elevrådet skal fremja fellesinteressene til elevane på skulen og arbeida for å skapa eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal og kunna uttala seg i, og koma med framlegg i saker som gjeld elevmiljøet til elevane. Ein person frå personalet har som oppgåve å hjelpa elevrådet i arbeidet deira. Skuleåret 2022/2023 er Karin kontaktperson for elevrådet.



Foreldreråd (FAU)

Føresette er sikra høve til medverknad i skulen gjennom saksorgana: Foreldrerådet, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet –og som klassekontaktar. FAU skal fremja fellesinteressene til foreldra og medvirka til at foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø. Foreldrerådet skal vera med å skapa godt samarbeid mellom heim og skule, leggja til rette for ei positiv utvikling hos elevane og skapa kontakt mellom skulen og nærmiljøet.

Telefon og e-postliste for medlemmer i FAU 2022/2023

Namn	e-postadresse	Mobiltelefon
Barnehagen		
Turid Kathrine	tktrev@hotmail.com	90776819
Maria Fugleberg	mfugleberg@hotmail.com	45206905
1.-4. klasse		
Anette Bore	anettebore@msn.com	92449627
5.-7. klasse		
Irene Hamra	oppistov-73@hotmail.com	93808454



Leiar i FAU:

Nestleiar:

Representant til samarbeidsutvalet:

Vararepresentanter:

Kommunalt FAU:

Første foreldremøte blir: Onsdag 14.sep

Samarbeidsutval (SU)

Samabeidsutvalet er skulen og barnehagen sitt øvste organ.

Her møter to frå elevrådet, to foreldre frå foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU), ein lærar, ein representant for andre tilsette i skule/bhg, ein representant for dei tilsette i barnehage og ein kommunal representant.

Leiar er den eine representanten for kommunen. Elevrepresentantar skal ikkje vera tilstades når saker som er omfatta av teieplikta vert handsama.

Dette utvalet skal verka som eit rådgjevande, kontaktskapane og samordnande ledd.

Samarbeidsutvalet har ca. To – tre møte i året.

Skulemiljøutval (SMU)

Skulemiljøutvalet skal sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU skal vera eit rådgjevande organ for skulen i saker knytt til dette. Elevane, foreldra, skulen, tilsette i skulen og ein representant frå kommunen skal være representerte. Foreldre og elevar skal til saman ha fleirtal i SMU.

Elevane sitt skulemiljø

I Suldal kommune skal alle barn og unge oppleva læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag (ref. mål i kommuneplanen).

I Suldalskulen har elevane rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dersom ein elev opplever seg krenka, mobba, utestengd eller utrygg på ein eller annan måte, er det eleven sjølv som har definisjonsmakt. Opplevinga er subjektiv, og det er eleven si oppleving som er viktig og ikkje korleis me vaksne rundt opplev eller ser på situasjonen. Me skal i alle tilfelle:

- Gripa inn
- Varsla rektor
- Undersøka
- Setta inn eigna tiltak dersom det viser seg at ein elev har eit utrygt skulemiljø

Denne planen samlar skulane sine mål, rutinar og tiltak som saman har som føremål å sikra elevane ein trygg og god skulekvardag utan krenking eller mobbing. Den inneheld skildring av korleis me kan leggja til rette for eit positivt læringsmiljø i fellesskap. Ansvaret ligg hos dei tilsette, som i samarbeid med elevar og føresette skal realisere måla.

Elevane skal få ta del i planlegging og gjennomføring av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

TL- trivselsleiaren er ein del av dette arbeidet som elevane er med og gjennomfører.

Tre/fire elevar frå 4.-7. klasse blir utnemnde til TL `ar haust og vår. Desse planlegg aktivitetar i matfriminuttet to dagar i veka.





RETTLEIAR FOR EIT
TRYGT
OG
GODT
SKULEMILJØ
I SULDALSKULEN

Tilpassa for
Xxx skule

MÅL FOR ARBEID MED PLANEN:

- Me vil sikra eit trygt og godt læringsmiljø for alle elevane i Suldalskulen
- Me vil jobba for å kjenna til korleis elevane opplever det psykososiale miljøet
- Me vil avdekka og følgja opp krenkande hendingar og mobbing raskt
- Me skal vera tydelege vaksne som set det førebyggjande arbeidet med skulemiljøet høgt
- Me vil gi eleven verktøy til å kjenna seg robust og meistra liva sine godt, i høve samarbeid og evna til å ta ansvar for seg sjølv og andre
- Me vil at elevar og lærarar skal trivast, i eit miljø som er prega av gjensidig respekt
- Me vil ha eit godt samarbeid med føresette og bruka dei som støttespelarar i arbeidet med å skapa eit inkluderande og trygt miljø

Foreldre og skule – kven har ansvar for kva?

Stortingsmelding nr.30: "Kultur for læring" blir fordelinga av ansvar og oppgåver sett opp slik:

<i>Foreldre</i>	<i>Skulen</i>
<ul style="list-style-type: none">- Dei føresette har hovudansvaret og skal syte for at barna kan oppfylle si plikt til opplæring etter evne og føresetnader.- Dei føresette har ansvaret for dagleg omsorg.- Dei føresette har ansvar for at barna møter førebudde til skulen, med mat og høvelege klede.- Dei føresette skal sjå til at barne gjer leksene sine, men kan ikkje gå ut frå at dei føresette har kompetanse til å gi barna fagleg hjelp.- Dei føresette skal halde seg informerte om skulesituasjonen til barna sine.- Dei føresette har best kjennskap til sine eigne barn og bør derfor gi skulen del i denne kjennskapen for at skulen skal kunne syte for at elevane får den tilpassa opplæring dei har krav på.- Dei føresette skal vera kjende med regelverket som gjeld ved skulen, og medverke til at barna respekterer det.	<ul style="list-style-type: none">- Skulen har det faglege ansvaret for opplæringa, og lærarane har den faglege og pedagogiske kompetansen.- Skulen skal klargjere dei måla skulen arbeider mot, innhaldet og arbeidsformene i undervisninga og kva rettar og plikter elevane og føresette har.- Skulen skal dokumentere og informera dei føresette om korleis eleven lærer og utviklar seg.- Skulen skal medverke til at elevane får utvikle sine faglege dugleikar, og skal skape eit godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.- Skulen skal støtte føresette i deira oppseding av barna.- Skulen har ansvar for å leggja til rette for eit godt samarbeid med heimane.- Skulen skal lytte til dei føresette og samarbeide med dei i utvikling av innhaldet i undervisninga og verksemda ved skulen.- Lærar skal vera informerte om situasjonen til kvar einskild elev og jamleg informera føresette om korleis skulesituasjonen, trivselen og læringsutviklinga er for eleven.

Ordens- og åtferdsreglar for skulane i Suldal Jelsa oppvekstsenter avd. Skule

Alle har ansvar for å hjelpa til å skapa eit godt læringsmiljø, der alle viser respekt for og omsorg for kvarandre.

Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

Ordensreglementet er heimla i opplæringslova:

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i § 9 A-10 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Orden

Elevane skal ha god orden.

Det er god orden å:

1. møta presis til undervisning og andre avtalar
2. vera førebudd til undervisninga og ha med seg det utstyret og kledda ein treng
3. gjera skulearbeid innan fastsett tid
4. ha skulesakene i orden
5. levera søknad om eller melding om alt fråvær frå dei føresette

Åtferd

Eleven skal ha god åtferd.

Det er god åtferd å:

1. visa folkeskikk, opptre høfleg og respektfullt ovanfor alle andre ved skulen.
2. halda god arbeidsro
3. oppføra seg slik at ein ikkje på nokon måte krenkar andre, driv med hardhendt eller farleg leik eller på annan måte skadar seg sjølv og andre
4. ta godt vare på skulebøker, anna undervisningsmateriell og all eigedom som

hører til skulen eller medelevar

5. vera på skulen og skuleområdet
6. ikkje ha snop, brus eller energidrikk med på skulen om ikkje anna er avtalt
7. bruka skulen sine læringsbrett og internett i samsvar med underskriven avtale
8. Alltid spør om lov til å ta bilete, film eller lydopptak og fortelje kva du skal bruke det til
9. ha mobiltelefonar/smarttelefonar og smartklokker o.l. avslått og ikkje synleg i skuletida dersom ikkje anna er avtalt med lærar
10. ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
11. snøballkasting berre mot tilvist mål/område
12. ikkje fuska eller forsøka å fuska på prøvar eller innleveringar
13. retta seg etter det den vaksne seier

Tiltak ved brot på ordens- og åtferdsreglane

- Munnleg påtale frå lærar/inspektør/rektor.
- Melding heim.
- Elevar kan takast ut av gruppa, eller byta klasse, for kortare eller lengre tid. Elevar kan og måtte ta friminutt til andre tider enn det oppsette, for kortare eller lengre tid.
- Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemma at lærarane har munde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to kløkketimar. Foreldra til elevar på barnetrinnet skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen (jamfør Opplæringslova § 9A-11)
- Elevar visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.
- Ved skade på hus, inventar, læringsbrett m/tilhøyrande utstyr eller anna læremateriell, må ein rekna med å erstatta heile, eller delar av skaden (inntil kr 5 000,-). Ein elev som øydelegg noko med uvørden framferd, kan bli sett til å reparera bøker/materiell/inventar. Reparasjon bør gå føre seg utanom skuletida. Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen. Denne uttaleretten gjeld i høve til alle slags refsingstiltak.

Sist revidert i rektormøte 20. september 2019

Vedteke i SU for Jelsa oppvekstsenter 8.juni 2022



Informasjon til heimane om fråvær

Søknadar som gjeld fri for inntil 3 dagar vert handsama av kontaktlærar.
Søknadar som

omfattar meir enn tre dagar, vert handsama av rektor.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før fråvær.

For å få permisjon etter opplæringslova § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

Opplæringslova § 2-11

“Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.”

Skjema for å søkje om elevpermisjon og skjema for fråvær som ikkje skal førast på vitnemålet kan ein få av skulen (ligg på skulen sine heimesider).

Føring av fråvær i grunnskulen

Forskrift til Opplæringslova § 3-41 omhandlar føring av fråvær i grunnskulen.

”Frå og med 8. trinn skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldre kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven legg fram dokumentasjon på årsaka til fråværet. Døme på slikt fråvær kan vera tannregulering.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjonen av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført:

a) Dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar

b) Innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a) ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vara meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert fråvær etter bokstav a) på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.”

Det er viktig at de som foreldre legg merke til at føring av fråvær på ungdomsskulen er endra. Søknadar om fri på barneskulen vert handsama på same måte som på u-skulen, men vert berre registrert i ein fråværsprotokoll.



Når ein elev er borte frå skulen

Når ein elev må vera borte frå skulen grunna sjukdom eller liknande er det viktig at skulen får melding om dette. Dersom me ikkje får slik melding, tek me kontakt med heimen. Dette for å hindra at noko har skjedd med eleven på skulevegen utan at det vert oppdaga.

Skulen sender og tek imot meldingar via den digitale meldingsboka www.transponder.no

Send melding når :

- Eleven har vore sjuk og borte frå skulen.
- Når eleven ikkje har gjort heimearbeidet.
- Når eleven ikkje kan ha gym eller symjing.
- Når eleven kjem for seint.
- Når eleven skal spørjast fri frå skulen.

Når føresette søker om fri for elev utanom ferie, har dei føresette ansvar for at skularbeidet vert utført. Det blir ikkje gjort noko ekstra frå skulen si side for at eleven skal få med seg det fagstoffet klassen har arbeidd med. Dette ansvaret kviler då på foreldra. Eventuelle innleveringar i perioden blir det forventat at eleven gjer, og prøvar og liknande må også gjennomførast på eit tidspunkt som ikkje går ut over dei andre i klassen. Me oppmodar føresette til å leggja lengre reiser og fråvær til skulen sine feriar!



SOL – systematisk observasjon av lesing

Å lære barn å lese er ei av dei viktigaste oppgåvene i skulen. Norsk skule kan gjere ein betre jobb på dette området. Mange barn kan verta betre. I Suldal kommune brukar me verktøyet SOL (systematisk observasjon av lesing). SOL er basert på nyare forskning og mange års erfaring. I SOL er leseopplæringa på mellomtrinnet like viktig som den første leseopplæringa. Leseutviklinga skal fortsetja etter at eleven har ”lært seg å lesa”.

SOL er eit observasjonsverktøy. I tillegg er det også ein kunnskapsbank og eit oppslagsverktøy både for den generelle undervisninga og for ”tetting av hol” hos den enkelte eleven. SOL gir ein oversikt over kvar eleven er i leseutviklinga si, og gir betre føresetnad for å driva god og tilpassa leseopplæring.

Alle elevane skal ”solast”(kartleggjast med SOL) kontinuerlig. Resultata frå solinga skal verta formidla til elvane og dei føresette. Eleven, skulen og heimen får med dette informasjon og innsikt til å arbeida mot optimal leseutvikling. Meir informasjon om SOL kan de få på skulen.



BTI , Betre Tverrfagleg Innsats

BTI- modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og elev-og foreldreinnvolvering når barn og unge strevar med noko og har rett på hjelp. Stafettloggen skal nyttast som verktøy for samhandling

Sagt om lesing og bøker

Lesing og skriving må lærast, og øving gjer meister. Barn likar å gjera det foreldra gjer: Vis barnet ditt at du har nytte og glede av å lesa og skriva.

Les for og saman med barnet, også etter at han/ho har lært å lesa. Samtal med barnet om kva teksten handlar om, kva han/ho trur kjem til å skje osb.

Bøker

- Hjelper oss til å utvikle språket og ordforrådet
- Utvidar verda og bevisstheita vår og gir oss nye idear og omgrep å tenkja med
- Kan vekkje nye spørsmål og gi oss noko å tenkje vidare på
- Viser oss at det finst fleire svar på spørsmåla og at det meste kan sjåast frå fleire sider
- Hjelper oss til å forstå oss sjølve og andre
- Opnar vegen til litteraturen – ei uendelig verd som varer livet ut



Resultat frå forskning syner at dei føresette si haldning og interesse har stor innverknad på elevane sitt læringsutbytte. Som føresette er det difor svært viktig at de les for og saman med barna dykkar, og gjennom heile skuletida spør etter og syner interesse for det dei gjer på skulen.

Biblioteket sine opningstider er: Måndag
kl. 9.00 – 13.00 og kl.16.30 – 19.00

Bruk av heimesida vår

De går inn på [http: www.minskule.no/jelsa](http://www.minskule.no/jelsa)

Symjeopplæring

Alle elevane frå 1.-7.kl ved Jelsa oppvekstsenter kjem til å reisa på bading minst 8 fredag (4 pr.halvår) føremiddagar. Dette er i tråd med Suldal kommune sin symjeopplæringsplan. Me leiger intruktør som blir med oss i bassenget. De får meir info gjennom transponder.



Skulemjølk

Jelsa skule er med på ordninga om bestilling og betaling av skulemjølk på internett. På www.skolelyst.no melder du enkelt på barnet ditt til abonnementsordninga for skulemjølk.



Frukt

Elevane vil få tilbod om ½ frukt kvar dag. Dette var ei prøveordning sist skuleår som me vil fortsetja med. Ei heil frukt kvar dag resulterte i mykje som vart kasta. Elevrådet søkjer om støtte til dette.

Medisinar

Skulen deler ikkje ut medisinar som Paracet og liknande.

Medisinar kan berre givast til elevar etter skriftlege avtalar med føresette eller etter kontakt dei gongene det gjeld.



SFO

Skulefritidsordninga er ope før og etter skuletid. Den er stengt i juli, og når skulen har planleggingsdagar. Opningstida er frå kl.7.15 – 16.15 dersom ikkje anna er avtala. Før kl. 8.00, etter kl. 16.00 og om onsdagane og fredagane samarbeider SFO med barnehagen.

Born som til vanleg ikkje er i SFO, kan få ekstra plass for kortare tidsrom etter avtale med rektor/leiaren for SFO. Søknad om dette må koma minst to dagar før det aktuelle tidsrommet. Betaling etter gjeldande timesatsar.

Frå 1. august 2021 gjeld ny rammeplan for SFO. Rammeplanen er ei forskrift til opplæringslova og gjeld for arbeidet i SFO. Rammeplanen skal nyttast som rammeverk for planlegging og gjennomføring av innhaldet i SFO.

Læringsbrett /PC

Det er utarbeida ei kontrakt for lån og bruk av læringsbrett(iPad) som både elev og føresett skal underteikna.

Det er også laga eit informasjonsskriv med kørereglar for bruk av iPad:

- Eg startar skuledagen med fullada iPad.
- Min iPad har alltid på deksel,
- Eg legg alltid sekk med iPad på den plassen lærar/SFO-tilsett har sagt me skal leggja den før og etter skuledagen.
- Eg veit at iPaden kan bli øydelagd og behandlar den forsiktig. Dette gjeld på skulen, i sekken til og frå skulen og når eg bruker iPaden heime.
- Eg låner ikkje iPaden vekk til andre.
- Eg veit at iPaden er skulen sin eigedom.
- Eg er godt kjent med ordens-og åtferdsreglane som også omfattar iPaden og bruk av iPad.

Mobiltelefon

Elevar i mellomtrinnet får ha mobil med til bruk før og etter skuletid. I skuletida ligg telefonen i mobilhotell på kontaktlærer sin arbeidsplass.

TVERRFAGLEGE TEMA

Overordna del i kunnskapsløftet LK-20 seier at skulen skal leggja til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege temaene folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgarskap, og berekraftig utvikling. Skulen planlegg å ha fire tverrfaglege tema i løpet av skuleåret, to om hausten og to i løpet av vårsemesteret.



Leksehjelp For skuleåret 2022/2023 vil leksehjelpa bli lagt til 4.-7.klasse. Leksehjelptilbodet er gratis og friviljug for elevane. I ordninga ligg det ikkje rettar til skyss etter at leksehjelpa er slutt for dagen. Ved skulen vår er tilbodet organisert slik: Måndag frå kl. 13.50-14.45



Reglar:

- Tilbodet er gratis.
- Elevar som melder seg på leksehjelp må bruka tida til lekser.
- Elevar må retta seg etter instruksar frå leksehjelpar
- Kan vera lurt å ha med ekstra niste som ein et før ein tek til med leksene.

Det er framleis slik at det er foreldra som har ansvaret for at barna gjer lekser. Foreldra si interesse for det som skjer på skulen, både fag og læringsmiljø, har stor påverknad på barnet sin motivasjon for læring! Skulen ynskjer at de som foreldre/føresette kvar veke går gjennom det sosiale målet og fagmåla som står på vekeplanane.

Datoar å hugse

- 14. sep Foreldremøte
- 26. okt Forut bygdekveld
- 15. des Adventgudsteneste
- 15. des Juleverkstad
- 21. des Julefest
- 30. Mars Vårgudsteneste
- 14. juni Sommaravslutning med grilling

INFORMASJON OM SKULEHELSETENESTA I SULDAL.

Skulehelsetenesta skal hjelpe eleven til å oppnå best mulig psykisk og fysisk helse, slik at han kan få optimalt utbytte av undervisninga og samværet med andre.

PROGRAM FOR SKULEHELSETENESTA, SULDAL KOMMUNE

- 1.klasse: Samtale med kontaktlærer
Skulestartsamtale med lege.
- 2.klasse: Samtale med kontaktlærer
Psykologisk førstehjelp
Vaksine mot polio, difteri, kikhoste og stivkrampe.
- 3.klasse: Samtale med kontaktlærer
Trivselssamtale og høgde/ vekt.
- 4.klasse: Samtale med kontaktlærer
Kosthaldsundervisning v/KEF
- 5.klasse: Samtale med kontaktlærer
Pubertetsundervisning
Psykologisk førstehjelp
- 6.klasse: Samtale med kontaktlærer
Vaksine MMR
- 7.klasse: Samtale med kontaktlærer
Vaksine: HPV x 2

Ellers ta kontakt med helseavdelinga på Sand eller skulen dersom de vil prata med helsesjukepleiar.

Helsesjukepleiar Sofie kjem til oss ved oppvekstsenteret ca. ein dag pr.månad

Namn og telefonnummer

Namn	Foresatt	Mobil	Foresatt	Mobil
Lillie Love Johnsen Barka	Bodil Johnsen	95800320	Henning Barka	91522004
Sigurd Hamra	Irene O. Hamra	93808454	Bjørn Ove Hamra	95291135
Amanda Berekvam	Marte Berekvam	97515481	Kjetil Berekvam	91684406
Håvard Hagen	Hanne Margrete Hagen	90634484	Harald Hagen	95053570
Tale Landsnes Johnsen	Maren Landsnes	47234541	Børge Johnsen	91352126
Jakob Nessa	Helga Nessa	99150899	Sveinung Nessa	48003917
Silje Sigstad	Marianne Moen	95173237	Tor Arne Sigstad	98440756
Lise Øxtra	Laila Øxtra	91347786	Per Øxtra	95946553
Marharyta Musulevska	Natalya Musulevska	93988782		
Vilje Love Johnsen Barka	Bodil Johnsen	95800320	Henning Barka	91522004
Malin Hagen	Hanne Margrete Hagen	90634484	Harald Hagen	95053570
Liva Landsnes	Hanne Landsnes	93462469	Håkon Landsnes	97635033
Olivia Nessa	Helga Nessa	99150899	Sveinung Nessa	48003917
Brage Mercier Fuglestein	Sandrine Mercier Jensen	40602169	John Anders Fuglestein	41350255
Kristoffer Fugleberg Solheim	Maria Fugleberg	45206905	Håvard Solheim	95968253
Hanne Bore Josdal	Anette Bore	92449627	Espen Josdal	41244992
Bernard Bennik Landsnes Johnsen	Maren Landsnes	47234541	Børge Johnsen	91352126
Jon Nessa	Helga Nessa	99150899	Sveinung Nessa	48003917
Solhill Love Johnsen Barka	Bodil Johnsen	95800320	Henning Barka	91522004
Solveig Trevland-Pedersen	Turid Kathrin Trevland	90776819	Toralf Pedersen	93651004